

Samtale med foreldra

Det er viktig at samtalen mellom foreldra og den profesjonelle er planlagt og godt førebudd. Samtalen tar utgangspunkt i ei bekymring for eit barn basert på konkrete og systematiske observasjonar. Målet med samtalen er å etablere eit samarbeid med foreldra rundt tiltak som kan betre barnet sin situasjon og fungering. Det er viktig å ta opp bekymringa med den det gjeld på ein respektfull måte, og samtalen krev gjensidig tillit og tålmodigheit.

Før samtalen:

- Ein bør på førehand tenke nøye gjennom kva som skal seiast, og korleis det skal seiast. Vidare må ein ta stilling til kven som skal delta i samtalen. Ein fordel at to frå personalet deltek.
- Lag ei liste på førehand over punkt det er viktig å få formidla under samtalen.
- Avtal kven som seier kva. Avtal kven som skriv referat, og kven som skal passe på at de kjem gjennom alle dei planlagde punkta.
- Husk at det er ei bekymring som skal formidlast; ikkje ei skuldning. Det skal informerast om kva som vekker bekymring. Møt foreldra med ei haldning om at de i utgangspunktet vil barnet sitt beste. Hald fokus på kva barnet treng og korleis dei vaksne kan hjelpe barnet på best muleg måte.

Under samtalen:

- Pass på at den/dei de møter også får kome fram med sitt perspektiv på saka. Spør om dei kjenner igjen dei observasjonane de har gjort. Gi rom for tenkje pausar.
- Uttrykk forståing for at samtalen kan opplevast ubehageleg, men hald fast på at den er nødvendig. Når det passar, vend tilbake til temaet og dei førebudde punkta.
- Bli einige om kva de har avtalt, før de går frå kvarandre.
- Skriv ned punktvis det som vert avtalt i møtet. (Hugs kopi til foreldra.)

Etter samtalen:

- Den vidare gangen vil avhenge av kva de kom fram til i fellesskap og kor alvorleg eit eventuelt problem er. Det er vanskelig å gi generelle råd for denne prosessen. Du må saman med leiaren din vurdere bekymringa di og dei ulike handlingsalternativa.
- Det kan være lurt å gi den det gjeld noko tid til å tenkje gjennom saka. Dersom det etter ei slik samtale ikkje skjer noko, vil truleg behovet for ei ny samtale melde seg.
- Samtale kan skje over fleire møte. Foreldra skal ha høve til å ta inn over seg det som er blitt formidla. Endringsarbeid er prosessar over tid. Avtal derfor ny samtale med foreldra, for å sikre at tiltaka de har sett i gang, får ønska effekt.

Refleksjonar etter samtalen:

- Forsto foreldra bekymringa de har for barnet?
- Blei det etablert eit godt samarbeid med foreldra og realistiske mål for å hjelpe barnet?
- Vil oppfølgingsplanen sikre god nok endring og progresjon?
- Korleis ser bekymringa ut no? Er den mindre eller større? Kvifor?
- Korleis skal resten av personalet informerast, og om kva?
- Korleis har kvar og ein av dykk det etter samtalen? Gi kvarandre tilbakemelding på kva som gikk bra og kva som vart opplevd som vanskeleg.